



## Notat

Vår referanse  
19/10047 21/19483

Din referanse

Sakshandsamar  
Erlend S. Vikestrand

Dato  
16.09.2021

### **Detaljreguleringsplan for Greivsneset: Oppsummering av innspel til planforslag**

Det er kome inn 10 innspel innanfor høyringsfristen, i tillegg til eitt innspel utanom høyringsfrist. Samtlege er oppsummert og kommentert under. Vedlagt ligg også ei stadfesting frå tiltakshavar Aurstad AS på at gamle vegen mellom Greivsneset og Løvikneset vil haldast open for mjuke trafikantar (gåande og syklende) som i dag.

#### **Møre og Romsdal fylkeskommune (17.03.2021):**

Ingen merknad til planframlegget

#### **Noregs vassdrags- og energidirektorat (03.03.2021):**

NVE vurderte planframlegget til å vere mangelfult i høve framstilling av omsynssone for skredfare (H310) og tilhøyrande føresegner. Meiner det må synast reell fare for skred i fjellsida mellom planområdet og bustadane på Greivsneset.

Kommentar: Skredfarerapporten med tilhøyrande faresonekart, samt føresegner og plankart er oppdatert jf. merknadane til NVE.

#### **Statsforvaltaren i Møre og Romsdal (18.03.2021):**

Same som NVE. Omsynssonene skal vise gjeldande faresituasjon i planområdet. Tiltak skal plasserast i ei tryggleiksklasse (jf. TEK17 § 7.3). Statsforvaltaren ber om at det vert gjort ei ny vurdering av tryggleiksklassene i planområdet.

Kommentar: Innspelet er teke til følgje, med oppdatert faresonekart, føresegner og plankart.

#### **Statens Vegvesen (29.03.2021):**

STV har ikkje merknader til arealbruken, på vilkår av at Rotsethorntunellen (E39) ikkje vert påført skadar. Har stilt krav til minimumsavstand mellom masseuttak og vegg/tunelloverheng i Rotsethorntunellen. Oppmodar Volda kommune om å opprette ein dialog med STV når det gjeld utforming av føresegner i høve Rotsethorntunellen.

Kommentar: Det har vore dialog mellom tiltakshavar og STV angående avstand til tunellen sidan planoppstart. Føresegnene sikrar ein minimumsavstand på 20 meter til vegg i tunellen, samt 25 meter til tunellheng. Ein vurderer innspelet som imøtekome.

**Direktoratet for mineralforvaltning (06.04.2021):**

DMF registrerer at plankartet inneheld høgdekoter, noko dei normalt frårår i saker som vedkjem deira ansvarsområde. DMF registrerer likevel at dette vart grunngeve i kommentaren til innspelet frå høyring om oppstart. Elles ingen merknader.

**Mattilsynet (23.02.2021):**

Syner til tidlegare innspel i saka. Peikar på at tiltaket ikkje må kome i konflikt med lokal privat vassforsyning.

Kommentar: Det er ikkje kjent at det er vassforsyning i området som tiltaket får konsekvensar for.

**Torgeir Stensø (16.03.2021), Thomas Busker Larsen (22.03.2012), Syklistforeningen (23.03.2021), Naturvernforbundet (23.03.2021) og Syklistenes Landsforening (07.09.2021):**

Oppmodar kommunen til å syte for at gamlevegen mellom Grevsneset og Løvikneset framleis kan nyttast av turfolk og syklistar. Veggen er einaste farbar veg for syklistar mellom Volda og Austefjorden. Veggen er aktivt nytta av tufolk etter at denne vart stengd for vanleg biltrafikk. Treningsappen «*Strava*» syner at over 200 personar nyttar veggen til sykling eller gange/løping. Å føre denne mjuke trafikken inn på tunellane kjennest utrygt, då der ikkje er avsett gang-/sykkelveg. Meiner det vil vere svært uheldig for folkehelse og friluftsliv dersom denne veggen vert stengd for denne gruppa.

Kommentar: Etter dialog med tiltakshavar har kommunen fått stadfesta at situasjonen frå rundkøyringa på Grevsneset og forbi anleggsområdet vil verte halde som i dag. Bommen som Statens Vegvesen sette opp i 2005 vert ståande. Bommen hindrar bilar i å kjøre gjennom, medan mjuke trafikantar (gåande og syklande) framleis kan passere som tidlegare, på eige ansvar.

Med helsing

Erlend S. Vikestrand  
planleggar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

---

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Sentralbord: 70 05 87 00  
Org. nr: 939 760 946  
Kontonr: 3991.07.81727